



Statens Vegvesen, region vest v/Roald Sletten
Askedalen 4

6863 LEIKANGER

DYKKAR REF:	VÅR REF:	SAKSHANDSAMAR:	ARKIVKODE:	DATO:
	2013/134 - 6	Jørn Trygve Haug	L10	23.09.2013

Vedkomande arbeid med reguleringsplan for tunnel på delar av E 134 over Haukelifjell

Bakgrunn

Villreinemnda for Setesdalsområdet er ein av til saman 9 villreinemnder i landet og dekker Setesdal Ryfylke, Setesdal Austhei og Våmur-Roan villreinområde. Nemnda er oppnemnt av Miljødirektoratet (tidlegare DN). I tråd med *Forskrift om forvaltning av hjortevilt § 5* skal den arbeida for ei langsiktig berekraftig forvaltning av villreinen og villreinen sine leveområde.

E 134 over Haukelifjell går igjennom strategisk viktige områder for trekk mellom Hardangervidda og Setesdal Ryfylke villreinområde. Det er og viktige beiteområde nær opp til vegen.

Villreinemnda er kjent med planar om etablering av nye tunnelar på delar av E 134 over Haukelifjell. I samband med dette ønskjer nemnda å peike på nokre sentrale moment knytt til val av tunnelloysing.

Plassering av ny tunnel

I dag er det to tunnelar på vegen over Haukelifjell; Haukelitunnelen og Vågslidtunnelen. Ut frå det ein kjenner til er det planar om ny tunnel på strekninga Haukeliseter fjellstove til fylkesgrensa mellom Telemark og Hordaland. Av omsyn til villrein er nemnda svært positiv til at større delar av E 134 over Haukelifjell vert lagt i tunnel. Villreinemnda stiller likevel spørsmål om den er plassert optimalt i høve til trekk mellom villreinområda. Vidare er nemnda av den oppfatning at det av omsyn til både villrein og trafikkavvikling bør planleggast tunnel på ei lengre strekning (Vågslid – Liamyrane i Røldal).

Villreinemnda ber om at desse forholda vert vurdert nøye i det vidare planarbeidet og at omsynet til villreinen vert tillagt stor vekt ved val av løysing.

Med helsing

Jørn Trygve Haug
Sekretær for villreinemnda for setesdalsområdet

Kopi sendt på epost til:

Vinje kommune

Odda kommune

Fylkesmannen i Hordaland

Fylkesmannen i Telemark

Hordaland Fylkeskommune

Telemark Fylkeskommune

Villreinnemnda for

Hardangervidda